



**Høgskolen i Telemark**  
Fakultet for allmennvitenskapelige fag

**EKSAMEN**

**2121**  
**Nynorsk før og no**

**15.12.2015**

Tid:	5 timer
Målform:	Nynorsk
Sidetal:	16 (inkludert denne)
Hjelpemiddel:	Ingen
Merknader:	Ingen
Vedlegg:	Det rare (novelle av Tarjei Vesaas) Om vort Skriftsprog (tekst av Ivar Aasen)

Sensuren finn du på StudentWeb.



Vel ei av desse oppgåvene. Oppgåva skal skrivast på nynorsk.

1. Gi ein analyse av novella «Det rare» av Tarjei Vesaas (sjå vedlegg).
2. Gi ein analyse av *Ein fritenkjar* av Arne Garborg.
3. Vedlagt (5 sider) er Ivar Aasen sin artikkel *Om vort Skriftsprog* (Skrive 1836, publisert i 1909). Kva for argument og underliggende prinsipp kjem til uttrykk i dette utdraget spesielt og elles hos Aasen generelt? Nemn kort andre debattantar opp gjennom tida i nynorskens historie som har nytta liknande argument.

## Det rare

**A**rne tenkte: ingen ting kan skjemme dei ut—  
Han stod i vegkanten og venta på bussen. Det var ein varm juledag, og vegen var breidd med gråkvit dust. Bilane som fór forbi, sprøyte skyer kring seg — og inne i skyene hosta vakre, nakne syklistar. Men dei kom alltid fram att or skya, trødde vidare, med eit fint lag dust på brune aksler og lår, og sikkert på dei farga leppene også. Arne såg på dei og hadde eitslags tungt hjarte. Tungt på ein ny måte. Han tenkte: eg er sikker på at ingen ting kan skjemme dei ut. Detta kan aldri bli anna vakkert.

Han var snart atten.

— Bussen har vel ikkje fari? spurde det bak han. Han snudde seg som han var gripen i eitkvart. Det var Lars frå hyttebyen som stod der. Ein vaksen kar. Godt kjend med Arne.

— Nei, sa Arne, eg òg ventar på han.

— Men han er her vel no. Skal du til Oslo, Arne?

— Nei, eg skal nedover til møster som snarast.

— Dei stod venta litt. Bilane fór framom rett som det var. Arne og Lars måtte hoste etterpå. Der borte grov den siste dust-skya ned ein ny flokk syklistar.

— Ja, stakkars syklistane no i ferietida, sa Lars. Sjå den flokken sykkelfjenter der. Det er ikkje anna enn å sluke veg-dumbe heile dagen.

Arne svara ikkje. Han stod berre såg på flokken som kom susande. Gyllen, underleg.

Lars sa:

— Vi synest det er vakkert på vegen om sommaren, du og eg. Eg kjenner nok deg, eg.

Arne vart raud og svara at det gjer du ikkje!

Lars såg på han, og var snill i auga.

— Du skjønner eg minnest for min eigen part. Eg syntest det var rart eg òg. Det er ikkje så lenge sidan. Nå, der har vi dei, slutta han.

Det lyse følgjet suste fram. Glitring i nikkel, spel av glade små stoffstykke og brunt hold. Den første jenta slengde ein lang arm opp i veret som helsing til Arne der han stod. Ho fór tett forbi han:

— Hallo!

Så var ho unna.

Kva? tenkte han, med den prikinga i seg. Med ein liten halvglad angst. Men så var alt den neste over han — sidan ei av dei hadde byrja. Ho ringde med sykkelbjølla til han.

— Hallo gut, eg ringer med bjølla eg, og så køyrer eg bort frå deg og bort frå deg — sa ho, i den tonen ein kunne gje seg lov å bruke når ein slik skuinta framom ein ung ventefull gut for denne eine gongen og så aldri såg han meir.

Ho var alt langt borte. Resten av flokken kom tett etter, og når dei andre hadde gjort det, så hadde kvar litt å seia til Arne i farten. Kom i flokk og vart uvørne:

— Så brydd som han står. Så raud som han blir.

— Har du aldri hatt ei sommarjente nær deg?

— Men det var vakker gut.

— Og inga tid har vi å kaste bort på han.

— Og no er vi borte vi.

— No er vi borte vi —

Og det var sant. Borte i ein blink. Aldri meir. Underleg. Og bakvendt! Det sa bakvendt, så det sveid i ein. Unaturleg kjendest det. Kvifor blir slikt alltid berre borte? Høyrer alltid til andre stader?

Mælet hans Lars blanda seg il

— Ja, det var ein fin svaleflokk. Dei trur seg så godt når dei er mange.

Arne tagde.

— Og eg skal seia du lyste opp, Arne, sa Lars og flirte.

Det var godt at bussen kom i det same. Den kjende bussen med alt sitt. Dei gjorde teikn til han, han skura og bremsa og stod still. Rutene var oppe i det heite veret. Der var fullt av folk der inne.

Lars gjekk først inn.

— Hau, hau, sa han, her var det ikkje kaldt. Og her var det ikkje mykje pusterom heller. Vi må nok på autarste benk vi, Arne.

Arne såg mot ein mur av andlet. Likesæle, slappe bussreisande. Buss-andlet. Varme, halv- og heilblundande.

Men endå gav det ein rykk i Arne, over eitkvart han såg.

Lars fann ein tom sess på nest siste rad. Han dumpa nedpå med eit grynt. Så såg han bakom seg. Den attarste benken gjekk i eitt tvers over vogna, og var å sjå til fullsett æy tur-jenter. Lars blinka til dei:

N— Nå, jenter der baki? Kan de skaffe rom der til ein lang, men smal gut?

Det vart ikkje ille opteki.

— Det kan vi nok, sa ei jente.

— Ja sjå det, sa Lars. Hei, Arne, kom her og kil deg inn i rekka.

Bussen var i gang att. Det var litt ustøtt å stå. Arne såg der opna seg eit rom til venstre i rekka, og han klemde seg inn der.

— Men det blir å sitje trongt for han, sa ei av jentene framover til Lars.

Lars svara, med ei halv hovudvriding:

— Ja, men det er stor skilnad på kven ein sit trongt med —

Nokon flirte. Arne skubba seg inn mot ryggstødet. Bussen humpa i eit stykke vaskebrett, berre litt, var for stor til å bry seg støttere om det.

— — —

Men det er stor skilnad på kven ein sit trongt med. Arne sat her litt fortumla. Han var klemd inn mellom to jenter som han aldri hadde sett før, og som han liksom ikkje tørde sjå på. Han berre kjende dei mot seg, og vart litt rar.

Ho til venstre sat yttarst mot buss-sida. Så kom Arne. Og til høgre var der sikkert fire bortover — han såg ikkje etter. Han såg til venstre så vidt, for å få slå fast at synet var sant. Ved trolldoms-makt vart alt i han vendt til venstre.

Han var tynkledd i varmen, og dei var tynkledde. — Og der til venstre var det visst aller mest vakkert og rart. Han visste så lite om dei. Det hadde vori så stengt. Det var underleg å kjenne ein jentekropp leve slik tett imot sida si. Han kjende det i heile sin eigen kropp. Vart stum. Såg rett fram. No kjenner eg dette. Det kjennest som det er for meg.

Var alle blitt stumme? Eller var det berre den vanlege buss-slappleiken. Der mumla lågt der lengst til høgre:

— Så stilt som det vart. —

— Vart der stilt borti der?

Og «borti der» var lengst til venstre. Dei to kikka bortover og mumla vidare mellom seg:

— Ja, er der ikkje låt i han frå før, så greier då ikkje Liv å få fram låten.

— Ja, kven veit —

I det same gjorde bussen eit lite hopp, og jenta til venstre for Arne lo ut i veret og ropte halvhøgt heisan!

I utrengsmål.

Jenta til høgre for Arne spurde aldri så lite stramt:

— Kva er det som er så moro då, Liv?

Ho heiter Liv —

Ho heiter altså Liv.

Liv svara:

- Det var fullt på bussen i dag.  
Ho nikka.  
— Her er mest alltid fullt på denne bussen, heldt han fram, no på denne tid.  
— Kan tenke meg det, sa ho og såg på han. Han kjende mangt godt igjennom seg ved det augkastet, og sa:  
— Men eg har òg sett at han har vori omtrent tom.  
— Javisst.  
Kva var det dei kjende? Ikkje nann på det. Dei måtte finne på fleire tomme talemåtar.  
Arne sa:  
— Ja, i dag treng ein ikkje ha på varmeapparatet.  
— Nei, men om vinteren er det no godt å ha, sa Liv fortumla — for kva var dette?  
— Ja, her er kaldt om vinteren.  
— Det er her vel.  
— Ja, langt utgjennom våren.  
— Det er her vel.  
— He! sa ðet til høgre for Arne. Marit sat såg rett ut i veret.  
Lenger til høgre steig den kalde låtten opp att. Har du høyrte på?  
Ja, vel. — Bussen skura og bremsa på ein stoppeplass. Nokon steig ut.  
Lars vende på seg:  
— Der steig ut ein kar. Så er det ein ledig plass. Nå, der baki?  
Ingen svara. Ingen syntes høyre det.  
— Nå? sa Lars, er det ingen som svarar?  
Ingen høyrde det liksom.  
— Nei vel, meg eitt feitt.  
Lars snudde nakkten til på ny. Bussen starta.

- Nei, berre at bussen hoppar så det søkk i ein.  
Og så kom atter den glate låtten som det ikkje syntest dekning for.  
— Var det så rart det då, sa jenta til høgre, med eitt i kranglehynet.  
— Nei då! sa Liv.  
— Mangt rart i ein buss — sa nokon langt til høgre, og heldt fram:  
— Men du då, Marit. Du har òg ein kant —  
Dei små giftige tungene spela.  
— Pyss, sa ho som sat til høgre for Arne og vart kalla Marit. Tei stillt sa ho arg.  
— Der er ikkje att låt i Marit, er det likt til, sa dei roleg til høgre, og så:  
— Der er ikkje mykje låt i *somme* —  
— Nei, enno har vi faktisk ikkje høyrte ein einaste låt.  
— Er du spent?  
— Nei.  
Dei såg bortover til venstre:  
— Sjå dei. —  
Og så sleppte dei laus ein høg, spottande lått, rett ut i lufta så ingen kunne gripe dei.  
Bussen køyrde og stoppa og køyrde att. Folk sat slappe. Fleire og fleire sov.  
Arne sov ikkje.  
Kjemn —  
Dette er det rare.  
Han hadde slett ikkje tenkt å gjera noko, men kom til å røre på seg —  
— Orsak, sa han fort.  
Liv sa også orsak i same blinken. Ingen var først.  
Noko nytt å kjenne att. Atter noko anna liksom. Og no måtte her talast. Same kva det var om. Arne krenuta:

Men her var ei *omnø* samtale. Ei underleg samtale. Utan ord. Utan vørsler. Vekt av den imot meg. Vend mot den. Men ikkje alltid; av og til vend til ingen, berre i stor undring. I ei djup stille der ingen motorlarm trengde inn — der var det denne samtala båra fram og tilbake. I den første sky tilbedinga.

Eg visste ikkje —

Eg visste heller ikkje — men eg ser.

Det er eg som ser —

Eg ønsker eg kunne seia noko til deg om det, og eg kan nok snart.

Eg ønsker berre vi må køyre og køyre i denne bussen. Eg kjenner deg imot meg, og eg —

Sjå på meg. Alle stader.

Det er det eg har gjort.

Sa du noko?

Eg ønsker eg kunne ta i deg. Det dirrar i hendene mine etter å gjera det.

Eg ønsker du ville legge handa di på meg og la henne ligge slik.

Kva?

Eg trur du har gode hender. Eg er sikker på det. Eg lengtar etter dei.

Dei andre ser på deg.

Eg ser ikkje kven du er, eg må få veta det.

Eg undrast på kven *du* er for ein.

Og no er det, synest eg. Berre *no*.

Du må ikkje gå av. Du må køyre og køyre —

Lars sa:

— Nå Arne, har du omtrent sovna, så vondt du sit?

Arne kvakk opp. Svara morsk:

— Har slett ikkje sovna.

— Nei vel, det vart berre så stilt, sa Lars, og ein kunne ikkje høyre på han kor mykje det låg i det av spitor. Ein snev var der vel.

— Eg tenkte kanskje om du dubba av så du ikkje la merke til kvar vi var.

— Eg skal ikkje av på lenge, eg! sa Arne uturvande tydeleg og høgt, og torde ikkje for nokon ting sjå til venstre. Men han var Lars takksam fordi han haddé fått høve til å seia det. Ei viktig rettleiing.

— Nei, visst, sa Lars, eg kom meg ikkje i hug. Her er forresten også så triveleg på bussen, sa han.

Han snudde nakken til med han tala.

Dei køyrde feiande og braskande framigjennom. Der var stilt ei heil stund. Der var kanskje ei giftig samtale der lengst til høgre. Kviskring:

— Har du sett som —

— Nei, har du sett korleis Liv kan få seg til å sitje.

Aldri trudde eg at —

— Nei, det er nok den første den beste det, viser det seg.

— Men hadde du i grunnen tenkt *det*?

— Neei, eg veit ikkje eg — Men du veit det er ofte ein lyt tenke om att.

— Og han då, så grøn at.

— Han er heilt borte han, ser du.

Endå lågare vart det sagt:

— Men sjå på Marit der på andre sida av han.

— Ja, ho får ikkje stort —

Og så kom den høge spottande lätten som ikkje var til å halde inne.

Lars vende seg til dei to jentene:

— Så godt som De ler då, frøken.

Ho vart sinna, han hadde ikkje noko med å blande seg i det, men ho vart raud òg. Lars heldt fram:

- *Kan De det når De køyrer buss?*  
 — Eg går ut ifrå at eg har lov til det, sa jenta avvisande.  
 Det står ingen ting anna på billetten.  
 — Så, så — sa Lars for å døyve av.  
 Jenta heldt fram, fekk eit påskot til å seia høgt noko som kunne snerte borti venstre benke-enden:  
 — Vi sat tala om poesien i ein buss, sidan De spør.  
 — Spør slett ikkje, sa Lars, eg synest ikkje der er meir poesi over ein buss enn over ein sur mage.  
 — Det er det sikkert fleire meiningar om, heldt jenta fram. Eg sa forresten i ein buss.

Lars vart lei, grynta eitkvart og snudde nakken til att. I bussen elles var det dau ro. Nokon sov. Nokon tørka sveitte. Bussen mol seg fram, møtte bilar, køyrde forbi syklistar, og vart sjølv forbikøyrd av pilande små personbilar. Heile vegen stod i rok.

— Hallo, Liv! ropte det frå utlengste høgre.

— Ja vel, kva er det?

— Ingen ting.

Og så kom den låtten.

Der vart farleg stilt. Måtte seiast noko på rappen, og Arne *kunne* ikkje finne på noko anna å tala om enn bussen. Han kremtra:

— Her var ein annan buss før.

— Å, var her det, svara Liv.

— Ikkje fari her før? fekk han kilt inn. Lågt. Avsides. Eit viktig spørsmål i augeblinken.

— Ikkje akkurat her, sa ho.

— Nei visst.

— Bur her kanskje? spurde ho, så vidt at ho opna munnen, og utan å bruke noka tiltaleform.

— Mm, sa Arne.

— Skjønar det. —

Så kunne dei tala om bussen att.

— Ja, her var ein annan før denne, buss, meiner eg, sa han, så høgt at det høyrdest av alle.

— Han vart for gammal den då? spurde Liv.

— Ja, han vart for gammal.

— Ja, dei blir fort gamle, bussane.

— Ja, og dyre er dei òg.

— Men her er mange bussar i landet no.

— Ja, og fleire blir det til kvart år.

Underleg. Dei tala om bussar, og det var som å høyre lokkande song bak eit blått forheng. Av og til såg dei fort til sida på einannan og heile tida kjende dei den andre imot seg som noko umåteleg riktig.

Den hemmelege *andre* samtala var i gang. Fram og tilbake mellom dei. Så sky du er, gut, du treng ikkje vera det.

Du seier noko til meg som eg ikkje skjønar?

Kjenner du ikkje —

Det er det eg gjer, det! Kjenner. Det må vara dette. Du må ikkje gå.

Du —

Må eg, slik?

Ja, ja stryk —

Eg visste dette. Eg har alt tenkt det lenge.

Stryk —

Vi må treffast! Vi må talast ved. Vi må veta meir!

*Stryk meir* —

Men eg må stige av snart!

Stryk — det er godt at du stryk.

— — —

Sjå på han — sa det lågt på ytterste høgre.

— Ja, er det ikkje komisk. Han trur at ingen ser det eingong.

- Han gjer framsteg.  
 — Aldri hadde eg tenkt at Liv var slik.  
 Så kom den kalde ovundsjuke låtten. I det same stamsa bussen. Luftstraumane som sila inn gjennom dei opne rutene vart borte, og her vart kjøvande og stint.  
 Lars reiste seg.  
 — Ja, så slepp då gudskjelov eg ut. Huff, ein blir stiv når ein aldri får røre på seg.  
 Han vende seg til Arne:  
 — Nå, Arne, kjem du ikkje laus?  
 Rådwill knute ein stad. Gå no? Det er urimeleg. Umogeleg. Kvifor er det slik?  
 — Eg? sa han.  
 — Ja, det er vel her du skal av, etter som du sa, svara Lars.  
 «Kvifor er det slik! tenkte Arne.  
 «— Ja, eg — ja, eg — sa Arne, i klemma. Det er best for meg å bli med bussen ned til brual sa han hovudstup. Det er i grunnen snarare.  
 — Heisan, sa Lars. Men så sa han ikkje meir om det. Ja, takk for laget då. Jentene òg. Farvel.  
 — Farvel, sa jentene. Arne sa ingen ting. Bussdøra smelte i hop att og bussen starta.  
 Kvifor er det, tenkte han, men vart avbroten i den rådlause tanken ved at Liv såg til skrås på han og sa, utan å røre større på den lokkande truten, ei mumling:  
 — Langt til brua?  
 — Liten stubb berre.  
 Truten mumla:  
 — Eg spør fordi eg lurar på om eg ikkje skulle kikke innom moster mi når eg køyrer her likevel.  
 Det rykte godt i Arne. Og så moster til 'og med! Han heldt seg roleg.  
 — Ja, sa han fargelaust. Javisst.

- Det går vel ein buss seinare i dag òg? I same ruta?  
 — Går ein tre timar seinare, svara han medan det byrja å kime og bære.  
 Ho nikka.  
 — Fint. Så kan eg ta den og nå att reisefølgjet mitt i kveld.  
 — Ja — sa Arne berre, for dette var no ikkje hans sak.  
 Ho bøygde seg fram forbi han og såg langs rekka til høgre:  
 — Det eg trur eg stig av her eg.  
 Dei stivna liksom.  
 — Kva i all —  
 — Nei, Liv! nå går det over alle grenser.  
 Liv lo, litt forundra.  
 — Kva slag? Eg har ei moster her, eg. Henne vil eg jammen få helse på når eg først fer her. Så hoppar eg på ein buss som går same vegen om tre timar, og så treffest vi att der vi har avtala.  
 Der lo der borte.  
 — Moster du liksom!  
 — Den har vi aldri høyrte tale om før.  
 Liv retta seg:  
 — Har du større greie på det?  
 Yttarst til høgre sa spottrande:  
 — Dalar det mostrer ned frå himmelen så snart du har bruk for det?  
 Dei andre lo.  
 Liv vart raud no. Ho sa:  
 — De kan forresten tru akkurat kva de vil. Eg gjer det eg vil, utan at de treng stikke nasen i det.  
 — Ja, ikkje stikk din eigen altfor høgt i sky då, sa jenta yttarst til høgre. Dei andre skøyttte på:  
 — Nei, for vi skjønar det nok.



— Er det slik å ha *deg* med på tur, Liv? Hadde vi visst det på førehand, så. —

Liv pusta tungt. Det var ikkje beint dette her. Ei heil rad kvasse krenkte kameratauge.

— Det var då svært så oppøste de vart. Det er no berre at eg kjem tre timar etterpå. Og vi skulle ikkje noko akkurat *då*.

— Ja så? sa dei.

— Vil du vera dårleg kamerat, Liv?

— Dårleg kamerat? Eg har aldri høyrte! —

Men det hagla mot henne:

— Ja, berre bli sinna. Når du har gløymt kva vi har planlagt straks vi kjem fram og så. —

— Neei, men, er det i grunnen nokon skilnad om eg er der eller ikkje. Akkurat då?

— Det *hadde* teki seg betre ut, Liv.

— La henne vera. Vi skal nok greie oss.

— Det kan bli vanskelegare for *deg*, Liv. Du får orsaka at vi ler litt.

Den spottande låtten steig opp, fullt lovleg og høg no.

— Æsj! sa Liv og kasta på nakken.

Arne kunne ikkje blande seg i dette. Han sat i det sæle klemstret sitt og hørde alt saman med ein ny måte å høre på. Ny måte å kjenne på. Høyr den måten ho seier orda på! I dag var det skjedd.

Bussen stansa. Dei var ved brua.

— Der er nok brua, fekk han fram og vart uroleg på setet. Kom seg opp og byrja gå som han aldri hadde sett jente-rekka. Det var ikkje rett av han, men han var heilt fortumla.

Liv fór opp, nervøs:

— Ja, her er det, ja, Ja, då skal eg av her. Du tar deg av sekken min du då, Marit, er du snill, så slepp eg dra han med meg her.

Marit frå den kalde sida hans Arne gapte utan vidare ved dette oppdraget, der ho sat krenkt og full av galle:

— Eg, sa ho og merkte ikkje kva ho la i det.

— Ja, kvifor ikkje? Det greier du då godt. Det er ikkje større han er. Slikt brukar vi då vel å gjera for einannan? Ja, eg har ikkje *tid* å kjekle, bussen skal gå den — ha det så lenge!

Ho hoppa ut. Det let mot ryggen hennar:

— Ja, du lyt endeleg be han vise deg vegen til moster!

Så lo nokon samstundes hjartelaust:

— Og så du, Marit, som sat trongt med han du og, og berre får bera ryggsekken hennar.

— Å hald —

Døra klappa i. Bussen ruste motoren og fór sin veg over brua.

Dei to såg litt rådville etter bussen, som for å vinne tid. Men der var han borte, og det var berre å hoppe i det: seia eitkvart:

— Ja, der køyrde dei.

— Ja, og sinna var dei, sa Liv.

Så lo ho i rådløysa si og såg Arne rett i andletet. Brast ut:

— Kva i all verda er det vi finn på!

Arne var underleg i heile kroppen av rådløysa han og. Og her i vegen kunne han ikkje stå. Det var nokre hus nokså nær.

— Skal vi gå bortover litt? bad han fort.

Liv sette i:

— Eg har inga moster her! Det var berre noko eg sa.

— Men eg har, sa Arne.

— Kvaslag?

- Eg er komen for å vitje moster.  
Ho lo heilt ute av likevekt.
- Nei, no trur eg — nei, no har eg aldri —  
Arne stod som på nåler her, han måtte koma i livd.  
Dette var slikt som ein nok kunne ha drøymt om, og måla  
ut for seg, men ikkje trudd på likevel. Men ikkje stå her, i  
alle fall —
- Vi går bortover littl  
— Er det her ho bur?
- Nei, det er det vel ikkje. Der er ingen der borte. Det  
er difor vi skal gå der vel. Eg er kjend av folk her, eg.
- Såleis, sa ho.  
Ho var fort med på det, og dei stega av stad. Dei hadde  
ingen ting å dra på, så det gjekk lett, og dei kom fort or  
syne. Ikkje eit hus var å sjå lenger, berre den grå vegen og  
skogen.
- Men det var store ålmannvegen.
- Her er det ein sideveg, sa Arne utdeleg. Dei såg ein  
liten stig som stakk av mellom trea.
- Kvar går den etter?
- Veit ikkje. Han går vel berre ein stubb og blir borte,  
sa Arne.
- Javisst.
- Vi går vel den då?
- Best det, elles kunne vi møte mostrene våre! sa Liv,  
og så lo dei stutt og samstundes. Brydde. For det var så  
rart med det.
- Men der var vegen. Smal og grasrodd. God under foten.  
Han slengde seg innover mellom grønne tre. Dei gjekk han  
med dirrande steg, for dette var komi så altfor brått. Omsi-  
der sa jenta:
- Ventar moster?
- Ho veit ikkje at eg kjem akkurat i dag. Så for den  
skuld.

- Arter vart der stilt. Det var så underleg med det. Jenta  
kremta og sa:
- Heiter du Arne? Ja, vi er dus vel? Vi har passa godt  
på å kroke utanom det spørsmålet hittil.
- Mm, sa han. Og du vart kalla Liv, høyrde eg.
- Ja, og førebels synest eg vi greier oss med det, i nam-  
nevegen, ikkje sant?
- Han nikka.
- Som du trur.
- Ja, eg trur ein skal ha såpålåg til vern, inntil vidare,  
lo ho.
- Synest du eg er heilt vill? spurde ho brått, og han  
vart litt stammande i mælet då han svara:
- Eg synest det var fint at du gjorde dette. Eg hadde  
aldri trudd at —
- Kva at?
- Nei, det kan vera det same. Det var fint at du gjorde  
det, det var det.
- Den grasrodde stigen vart mindre og mindre. Her var  
stilt og varmt. Lukta varmt lauv. Her var også over all  
måte underleg. Arne stod brått still.
- Liv sa:
- Kva er det?
- Vart berre ståande —
- Du, sa han att. Smått.
- Ja?
- Fin jente. Underleg jente.
- Han hadde armene ikring henne. Drog henne inntil seg.  
Og det var ho med på. Den møtinga var det rareste av alle  
ting å kjenne, når ein var han.
- Å — Arne —  
Dei stod i villgraset på den smale stigen og heidt kring  
einannan. Han var oppøst. Slik var det å halde i henne,  
kysse henne.

- Liv! Så — så —
- Ikkje meir, sa ho, mest redd for villskapen hans. Og så spurde ho:
- Har du inga jente?
- Nei.

Sugande ventetider sigla opp i minnet. Han støytte dei tilbake.

Ho spurde:

- Kor gammal er du?
- Arten.
- Hm! sa ho, forundra over eitkvart. Han hadde ei aning om kva det var, og var glad ho ikkje sa meir.

— Og du? spurde han fort.

— Omtrent det same her, svara ho. Men så kom ho tilbake til det han ville sleppe:

— At ikkje du har ei jente, du som —

— Det har vori — det har ikkje falli seg slik, sa han med noko møde.

Ja, alt det han kunne ha fortalt, men som ho sikkert ikkje ville ha skjøna noko av. Om korleis det hadde vori stengt.

— Men du likar dei — sa ho og såg rett i auga hans. Langt inn i auga hennar var det noko som — ja, var ikkje namn. Ikkje namn på såvori.

— *Det* kjende eg straks, heldt ho fram då han stod stum.

— Eg likar *deg*, sa han.

Ho sa:

— Eg blir mest redd. Her står vi og — eg forstår det ikkje!

— Men dette synest eg at eg forstår, sa han sakte, medan dei tyyste uprøvde hendene hans fekk stryke henne. Full av takk for det sa han:

— Og så du som kunne koma på å springe rett ut av bussen! Finne opp ei møster og berre gå rett ut.

Ho fortalde om grunnen:

— Eg fekk visst ein hel del om deg med vi sat og køyrd.

— Om eit par timar reiser du, sa han berre.

Ho kom med ein forunderleg lovnad:

— Du skal få veta meir om meg om litt.

Det var utruleg, det måtte seiast opp att, av han, her mellom gras og lauv og stille, og inniblant den angen han kjende, og så lågt at det mest ikkje var ord:

— Skal eg få veta meir om deg om litt?

Det hadde komi no, det ein hadde tenkt seg — det fekk vera så vilt det ville.

— Skjønar du at eg høyrer kva du seier! sa han oppøst.

— Ja, ja.

— Skjønar du at slike ord står *der* liksom — om du er berre atten.

— Ja, ja.

— Og kjenner du kor eg skjelv?

Det svara ho på òg, lågt og godt:

— Kom då, Arne.

## OM VORT SKRIFTSPROG.



## 1.

Efterat vort Fædreland atter er blevet hvad det engang var, nemlig frit og selvstændigt, maa det være os magtpaaliggende at bruge et selvstændigt og nationalt Sprog, eftersom dette er en Nations fornemste Kjendemærke. Saalænge Norge ansaaes som en dansk Provinds, og Landets Embeder for en stor Deel besattes af Danske, ja endog alle Norske, som nød videnskabelig Opdragelse, oplærtes i Danmark og paa Dansk, og følgelig Dansk eller Kjøbenhavnsk Tale og Skrift omsider blev herskende hos os, var det naturligt, at vort Sprogs Nationalitet maatte gaae under. Hiin Umyndighedstid er svunden, og vi burde vise Verden, at vi ogsaa i denne, vistnok ikke uvigtige Sag – attraaede at være selvstændige.

Broderlandet Sverige har i denne Henseende været lykkeligere. Det har nu et Sprog, saaledes som man kunde vente sig det paa hiin Side af Fjeldene; thi det ligner saa vakkert det rette norske Folkesprog, som man dog ei faaer at see paa Papiret, ei heller at høre, uden af den ringere anseede Klasse. Skulde vi synde i Et af To, saa var det tilgiveligere, at hælde til det Svenske, end til det Danske. Dette godtgjøres ved Landenes Beliggenhed, ved Folkesprogenes Lighed. En saadan Omstændighed var ingen Unationalitet, ingen Amalgamation (for at bruge

de engang antagne Navne); det var den naturlige Lighed mellem to Væxter af samme Frø. Vi trænge aldrig til at gaa udenom Grændserne efter et Sprog; vi skulde lede i vore Gjemmer, og see efter, hvad vi selv eiede, førend vi gik hen at laane af Andre. Ligesaa lidet, som det skulde hædre en fri Mand at aftrygle af Andre, hvad han selv havde Forraad af, ligesaa lidet hædrer det os, at vi heller samle udenlandske Ord, end benytte dem, der almindelig kjendes og bruges i vore Bygder.

## 2.

Da nu Enhver synes bedst om det, han fra Barns Been er tilvant, og da alle Skrivende i vor Generation, ere paa en Maade bundne til det Kjøbenhavnske, og maaskee fordømmeste vante fra Ungdom op, til at foragte vort Folkesprog, saa er det venteligt, at en saadan Reform ansees af de Fleste med mindre Gunst. Imidlertid gives der dog, – det har man seet i vore offentlige Blade og andre Skrifter, – de, der alvorlig ønske at faa vort Sprog saaledes formet, at man med mere Føie kunde kalde det Norsk. Den mindre dannede Deel af Folket, saa slavisk den endog undergiver sig det Herskende, maa vist længe stiltiende have imødeseet en saadan Forandring. Vistnok skulde mange Misforstaaelser og ubillige Puristerier for en stor Deel forebygges. Det har altid smertet mig bittert, naar jeg hørte vort Almuesprog krænkes og belees, enten af velklædt Uvidenhed, eller af en rigtignok velmeent Renselses-Iver. Skal vi da, tænkte jeg, give Slip paa denne kostelige Skat fra Fortiden, som vore Forfædre gennem alle sine Trængsler have troligen bevaret og overladt til os som en hellig Arv? Skal dens Besiddelse, saa retfærdig som den er, endnu gjøres os stridig, nu, da Folkefriheden atter befinder sig mellem vore Klipper?

## 3.

Medens Tid og Omstændigheder, som før er sagt, gjorde den Kjøbenhavnske Dialekt herskende hos os, opbevaredes og dyrkedes dog vort Nationalsprog i Bondens Hytter i vore Dale og paa vore Strande; lad end være, at dette ikke er Tilfældet med alle Distrikter i lige Grad. At Tiden ogsaa har havt sin Virkning paa Almuesproget, er naturligt; men naar man betænker, hvor vide vort Lands Befolkning er adspredt, hvor lang Tid Sproget ikke blev skriftligen dyrket, samt flere, forhen berørte Omstændigheder; – saa maa man ansee det for noget Stort, at denne National-Eiendom endnu i saapas Stand kan overleveres os. Dersom Norge gennem disse Sekler havde hævdet sin politiske Selvstændighed, da skulde vort Hovedsprog ogsaa været Almuens, det skulde været Sammenligningen af Landets Dialekter, Middelpunktet, hvorom de dreiede sig. Men vi lode os, med en vidunderlig Taalmodighed, i saa lang Tid uretfærdigen beherske af Andre; derfor tabte vi vort Held og Hæder, derfor tabte vi vort Fædrenesprog. At gjenvinde dette er os endnu ikke umuligt; vor Nationalære fordrer det, og vort Lands lykkelig forandrede Stilling berettiger os dertil. Bonden har den Ære at være Sprogets Redningsmand; til hans Tale skulde man altsaa lytte.

## 4.

Man vil indvende, at en Sprogreform er Noget, der ei bør foretages paa eengang, men henstilles til Tiden og til Aarhundredets Virkning. Men dette anseer jeg som mindre gjældende i en Stat, som Lykken paa eengang gjorde fri og selvstændig, og hvis rette Folkesprog, skjønt i saa lang Tid useet paa Papiret, dog endnu er til. Ei heller troer jeg, man kan støtte sig paa den Mening, at det nye Sprog skulde blive forvirrende for Begyndere, eller i

Førstningen have vanskeligt for at forstaaes af Alle; samt at Udlændinger derved skulde finde en ny Steen i Veien. Det maatte naturligvis saaledes indrettes, at alle Indfødte kunde forstaae det; thi alle blot provindsielle Ord og Vendinger burde undgaaes saavidt muligt. Det blev, endvidere, ikke saa forskjelligt fra de to andre nordiske Sprog, at den, der kunde et af disse, skulde have stort Hovedbrud for at kunne dette. – Desuden vilde hiin Aarhundredets Reformation, som ovenfor tilsigtes, blive en evig Opbyggen og Neddriven, da Sproget, manglende en bestemt Basis, stedse vil vakle fra det Ene til det Andet, saa man ikke veed, hvad man skal holde sig til. Og derhos frygter jeg for, at det rette Nationale vil omsider vige for det Fremmede, at nemlig Folkesproget, og ikke Skriftsproget, bliver det, som reformeres.

At vi, ved den her tilsigtede Reform eller Tillæmpning, skulde faa et altfor plat og pøbelagtigt Hovedsprog, er en Indvending, der kun grunder sig paa Fordom og Vane. Vi ønske os just et Folkesprog, et som enhver Landsmand uden Møie kan tage Deel i; vor Statsforfatning berettiger os til dette Ønske. Og hvorfor skulde vi være saa ængstelige for disse saakaldte Platheder? De ere det ikke; de ere Norskheder. Lad os sætte Fordommene tilside, og ikke undsee os for at bruge vort Lands eget Tungemaal.

## 5.

Forslag. Det er ikke min Hensigt hermed at fremhæve nogen enkelt af vore Dialekter; nei, ingen saadan bør være Hovedsprog, men dette skulde være en Sammenligning af, et Grundlag for dem Alle. Til et saadant at fuldføre, skulde der gjøres Ordsamlinger for enhver af Landets større Provindser, med grammatikalske Oplysninger og bestemte Ordforklaringer. Til at forfatte disse, skulde Mænd, som ei blot troede at kunne, men og virkelig kunde Almue-

sproget, opmuntres. Disse Ordsamlinger skulde indsendes til et Selskab, oprettet af sprogkyndige Mænd, som skulde anstille Sammenligninger og gjøre Udvalg, og efterat saaledes Hovedsproget var bestemt, skulde dette Selskab udarbeide en fuldstændig norske Ordbog, med tilsvarende Grammatik. Denne nye Sprogform skulde dog aldeles ikke paabydes eller paanødes; man skulde opmuntre til dens Brug, men ellers lade Enhver bruge det Nye eller Gamle efter eget Godtbefindende.

## NORSKE VISER OG STEV I FOLKESPROGET.

ANDEN UDGAVE VED P. A. MUNCH.  
CHRISTIANIA 1848.

Den forrige Udgave udkom i 1840 under Titel «Samling af Sange, Folkeviser og Stev i norske Almuedialekter» med en Indledning af Jørgen Moe. Den nye Udgave adskiller sig fra den forrige dels derved, at enkelte Viser ere udeladte eller ombyttede med andre, og dels ved en Forandring i Skrivemaaden, hvorved man har søgt at give Sproget en mere norsk og med det ældre Sprog mere overensstemmende Form. Disse Forandringer ere besørgede af Professor Munch, som derfor har ledsaget denne Udgave med en Fortale, hvori han i Korthed angiver den Plan, som herved er fulgt. Bogen er desuden forsynet med Noder til de fleste af Viserne, saaledes at disse Noder udgjøre et Anhang med Overskrift: Melodier til «Norske Viser og Stev», samlede af L. M. Lindemann.

Naar man forestiller sig en Samling af Alt hvad der findes digtet i Folkesproget, saavel af bekjendte Forfatteres Arbejder som af gamle eller egentlige Folkesange, skulde man vente, at en saadan Samling maatte være saa stor, at der i et Folkeskrift som